



Selma Eik tek fatt på år nummer 11 som leiar

**Det er mange driftige lag og eldsjelar i Uskedalen og vi har ein dugnadsånd som har imponert langt utover grensene våre. Ein god eksponent for dette er helselaget og då framfor alt Selma Eik som no har hatt leiarvervet i 10 år. Det nærmar seg årsmøtet og Selma er villig til å ta fatt på år nummer 11 når valet finn stad 19. mars på Gamleskulen.
- Men eg tek berre eitt år om gongen, seier ho.**

I 2010 og 2011 stilte helselaget, som har 105 betalande medlemmer, tilsaman 70 000 kroner til disposisjon for gode føremål.

Men i fjor var det ingen basar og difor kan ikkje Selma lova ein så stor sum for 2012 som for dei 2 føregåande åra.

Men ho lovar at dei skal koma sterkare att når summen for 2013 skal fordelast.

- Til hausten skal vi ha basar att, lovar Selma som truleg har leia eit lag som har skaffa ein halv million basarkronar i den siste tiårsbolken. Det er ikkje mindre enn ein prestasjon! Det er berre i fjor det ikkje har vore basar.

Det er også tradisjon for at kampen mot hjartesykdommar, tuberkulose og kreft får kvar sin del av midlane før lokale føremål vert tilgodesett. Men førebels har ikkje helselaget fått nokon søknad frå lokale trengande.

Ein fast post på årsplanen på landsbasis er demente-aksjonen men til hausten er det dette føremålet som vert tilgodesett gjennom den store TVaksjonen. Difor reknar ikkje Selma med at det vert gjennomført nokon ekstra innsamling dette året

Årsmøtet vil denne gongen ha det tradisjonelle opplegget utan foredrag eller andre innslag

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dette er helselagstyret som no sit: Selma Eik og Berit H. Myklebust sit foran og bak står Margit Eik, Eli eik og Hilda Guddal.